



Notat

Til: Fagopplæringsnemnda

Frå: Fylkesdirektøren for opplæring

Høyring - Endringar i bestemmelsane om fagprøve, svenneprøve, praksisbrevprøve og kompetanseprøve

Svar på høringsforslag til endringar i forskrift til opplæringslova §§ 3-48 til 3-68

Utdanningsdirektoratet sende forslag om endringar på høyring i brev datert 30. juni 2017, med svarfrist 16. oktober 2017. Høyringssvaret blir lagt fram som notat på møte i fagopplæringsnemnda 2. november 2017.

I høringsbrevet blir det bede om svar på m.a.:

- 4.1.1.1. Omgrepsavklaring – konsekvent bruk av omgrepet *læretid* og ikkje blande med *opplæringstid*
- 4.1.1.3. Muligheit for å forlenge kontraktstiden – og større handlingrom for når prøven kan avleggast
- 4.1.2.2. Frist for oppmelding – for førstegongsprøve og for oppmelding til ny prøve
- 4.1.3. Prøvenemndas oppmøte – krav til oppmøteplikt for begge i prøvenemnda ved start av prøven blir endra til at *minst ein av medlemmene* er til stades ved starten
- 4.2.4. Forenkle reglane om prøvens innhald og omfang – lite endring i innhald, mest i framstilling og lengde
- 4.3.1. Prøven haldast i bedrifta – presisering av prøvestad i lærebedrifta som hovudregel, og prøvestasjon/«ein annan stad» som unntak
- 4.3.2. Prøveavgift til utsett prøve – praksiskandidatar bør sleppe å betale for utsett fag-/sveineprøve
- 4.3.3. Grunnlag for vurdering av arbeidet – forslag om å fjerne kravet om at prøvenemnda skal utarbeide «grunnlag for vurdering»
- 5. Økonomiske og administrative konsekvensar

Sjå høringsbrevet frå Udir med Sogn og Fjordane sine svar [Svar på høyring frå Sogn og Fjordane fylkeskommune](#)